

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 24.02.2008  
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
Saka gjeld: **Ny forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar**

**Styresak 026/08 O**

**Styremøte 06.03. 2008**

**Administrerende direktør si orientering pkt 5**

---

## Bakgrunn

Ein ny forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontaktar er vedtatt ved kongeleg resolusjon av 8. februar 2008. Forskrifta har heimel i lov av 16. juni 1999 nr 69 om offentlege innkjøp § 11a og trer i kraft frå 1. mars 2008.

Formålet med den nye forskrifta er å hindre utnytting av arbeidskraft. Det er ved vedtakinga peikt på at det offentlege som oppdragsgjevar har eit særskilt ansvar for å opptre seriøst og motvirke sosial dumping. Som offentlig oppdragsgjevar skal vi derfor stille krav til arbeidsstandardar og til arbeidsmiljøet for arbeidstakarane som medverkar til å løyse offentlege oppdrag.

Forskrifta pålegg offentlege oppdragsgjevarar å nytte kontraktsklausular som skal sikre løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkommande stad og yrke. Klausulane skal gjelde både tilsette hos leverandørar og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontakten.

Forskrifta pålegg oppdragsgjevarar å stille krav om at leverandøren og eventuelle underleverandørar på førespurnad må dokumentere løns- og arbeidsvilkåra til sine tilsette. For at forskrifta skal vere eit effektivt virkemiddel mot sosial dumping er det viktig med ein god oppfølging av klausulen. Oppdragsgjevarar får derfor også ein plikt til å gjennomføre nødvendig kontroll for å sjekke om krav til løns- og arbeidsvilkår faktisk blir overhalde. Oppdragsgjevarar må også sikra seg rett til å gjennomføre nødvendige sanksjonar dersom dette ikkje er tilfellet.

## Kommentarar

Noreg er allereie forplikta etter ILO-konvensjon nr 94 til å pålegge sentrale statlege myndigheiter å ta med arbeidsklausular i sine kontraktar. I føretaksmøtet i Helse Vest RHF 25. januar 2008 blei det også stilt krav til Helse Vest RHF om å ivareta desse prinsippa ved inngåing av kontraktar. Helse Vest RHF har vidareført dette i styringsdokumenta til helseføretaka.

Helse Vest RHF vil innarbeide klausul som statuerar leverandørar og underleverandørar sin plikt i alle nye kontraktar. I tillegg vil vi innarbeide i kontraktane ein føresegn som sikrar oss rett til kontroll. Helse Vest RHF vil også etablere oppfølgingsrutinar.

Helse Vest RHF vil vidare orientere helseføretaka og Helse Vest IKT AS om den nye forskrifta for å sikre implementering i alle deler av organisasjonen som driver innkjøp og avtaleforvaltning.

Vedlegg: Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter

